



Å vera til stades i klangane

Om å presentere improvisert musikk for barn

Karl Seglem

Tekstane eg arbeidar med, er ein turnerande musikal sine tankar om å halda konsertar i barneskulane i Norge.

I det tilbakeblikket og den refleksjonen som tekstarbeidet har mål av seg til å bli, er refleksjon i augneblinken sentralt. Både i musikken og i skrifta. Eg skriv det ikkje slik det var. Eg må skriva det som var, til ein ny stad. Er det ellers nokon grunn til å skriva?

Eg har som mål å skapa tekstar som byggjer på min bakgrunn og mine konsertrøynsler med barn, også som sjanger-overskridande musikal og komponist. I tekstane vil eg fokusere på korleis ein musikal må inngå i ein mangslungen og samansatt formidlingssamanheng i konsertmøter med barn. Dette møtet kan ikkje reduserast til kun musikalske element, eller definerast snevert.

I perioden 1985-2010 har eg gjennomført over 2000 konsertar i skulen som turnerande musikal for Rikskonsertane sine skulekonsertar (**turneliste*). Den erfaringa eg gjennom dette har tileigna meg har hatt stor verdi for meg som utøvar/komponist med ei karriere som jazz- og world musikal i Norge og utlandet.

Teksten vil synleggjera mine erfaringar med formidling av kunst for barn. Den set søkelyset på den kunnskapen eg som musikal sit inne med, og utforskar nokre "skilnader" i høve konsertar for vaksne, samt funderer over improvisasjon som verktøy i musikkformidling. Svært få musikarar har skriva eller sagt noko om dei vilkåra og dei utfordringane ein som kunstnar står overfor i produksjon, presentasjon, formidling av musikk for barn/unge, frå ein personleg og fagleg ståstad (som til dels autodidakt musikal / komponist).

Dei ulike aspekt og funderingar i teksten vil ta utgangspunkt i skildring av "ein / fleire vanlege" skulekonsert-dagar, kva tettstad som helst i Norge. Skildring av dei konkrete møta mellom musikal og publikum.

Nokre tankar om:

Kva møter meg og mine medmusikantar - konkret?
Kva er det som motiverer meg som kunstnar til å halda på med denne konsertformen?
Korleis oppgradere forståinga av at denne type erfaring/formidling har stor verdi?

Teksten er i hovudsak bygd på erfaringar eg har gjort med produksjonen "Klangbilde" i samspel med Terje Isungset i duoan ISGLEM. Denne produksjonen hadde urpremiere i 1991 under namnet "Musikk Musikk" og har sidan då vitja mange ulike fylker i Norge, flest gonger på vestlandet og i Nord Norge. I perioden har eg også arbeida i trio med nevnte Isungset og/eller Arve Henriksen, Tuomo Happala. Eg har også reist i ungdomskulen med folkemusikk-produksjonane Utlå og Blå fele (t.sax, hardingfele, tr./perk). Eg var ein av dei første norske musikarar nokonsinne som spelte skulekonsert i Pakistan (2007) i eit samarbeid med pakistanske musikarar. Denne turneen gjekk også to periodar i utvalgte bydelar i Oslo.

Teksten stiller også nokre spørsmål ved idéane om at det å skapa gode konsertar for barn ikkje blir sett på som kunstnarleg arbeid på høgt nivå.

Eller. Er det slik? Kvifor er det slik? Korleis er synet på det å skapa og gje konsertar for barn og unge? Er det skilnader i dette - i høve eit vaksent publikum i det heile?

Eg vil arbeida for at tekstane skal vera mest muleg konkrete - og unngå for mykje teoretisering av konsertsituasjonen, eller vikla meg for langt inn i fagkunnskap og tidlegare publiserte teoriar om til dømes improvisasjon. Like fullt - heller prøva å skapa balanserte og kontrasterande tekstar om "Å vera til stades i klangane".

Skulekonsertane har styrka meg i trua på at det er muleg å nå langt ut med langt såkalt «avansert» musikk. Det har styrkt meg i trua på barn som lyttarar er ekstremt til stades og får med seg det meste nettopp gjennom å lytta, bruka øyra. Desse perspektiva er for meg svært interessante og viktige. Eg vil arbeida for å få publisert tekstane på eit forlag, og håpar det skal lukkast.

Å ta musikken - og eitkvart publikum på alvor er i denne samanhengen - og i alle andre også, avgjerande. Barn gjennomskuer fort "effektmakeri", at ein gjer seg til eller spelar noko ein helst "ikkje vil" spela. Barn, kanskje lettare enn vaksne?, både høyrer og ser når ein musikar kan sitt fag. At ein har arbeida lenge med eit instrument, og med musikken. Dei merkar at eg meiner noko med det eg driv med og at eg vil at dei skal høyra etter. Klarar ein å kommunisere, kan ein servere kva som helst.